

Sjølv om verdien og gleda ved å gå eit år på folkehøgskule er mykje meir enn reisene, så er sjølve konseptet til linja Global.Safari slik at vi føler for å sende dykk eit eige skriv no når situasjonen i verda er som den er. Av dei 33 vekene i skuleåret, er i utg.pkt 8 veker planlagt på utanlandsturar. I tillegg kjem all førebuing og etterarbeid i samband med turane. Kva er då planen om vi ikkje får reist slik vi har tenkt? Her kjem litt meir info og tankar om dette.

*"Det viktigste var ikkje kvar vi reiste, men korleis vi hadde det saman" (Elevsitat)*

Sjølv om dette året vert ei reise i seg sjølv, skal Global.Safari uansett på reise i ei eller anna form. For mange av dykk vil det også ha noko å seie kvar vi reiser, men sjølv om både Israel og Sør-Afrika opnar for turisme no i sommar og haust (juli og september), veit vi enno ikkje noko sikkert om kva som vert mogleg å gjennomføre av turar. Vi må difor tenkje alternativt både i høve til reisemål og heimeopplegg. Då er det til vår fordel at vi er ein del av det verdsvide nettverket til YMCA/YWCA, samt at vi bur i eit av dei mest besøkte områda i Norge når det gjeld aktivitet og naturopplevingar.

## **REISER OG ØKONOMI**

Kva plan vi endar på, er først og fremst avhengig av tre faktorar:

1. At landet vi skal reise til opnar opp for turisme
2. At UD sine reiseråd opnar for at vi kan reise dit
3. At det praktisk er mogleg i høve til flybill, økonomi og reiseforsikring.

Både USD-valutakurs og flybillettprisar vil påverke kor lange turane vert i 2020-2021. Om der er turar vi ikkje får gjennomført, vil det naturleg nok også medføre tilsvarande reduksjon i linjetillegget. Vi vil likevel måtte vere fleksible, og saman med elevane finne løysingar og evt nye reisemål. Enn så lenge har vi laga 4 scenario ut ifrå det vi veit og trur i dag:

### **Reiseplan A (eit normalår slik det var til og med våren 2020 – lite truleg for 20/21)**

*September-oktober: Israel & Palestina (1 underkant av 2 veker)*

*November: Tanzania (4 veker)*

*Februar: Sør-Afrika (2,5 veker)*

### **Reiseplan B**

*November-desember: Israel & Palestina*

Israel (og i denne samanheng inkluderer det også Palestina) opnar for gruppereiser allereie i juli 2020). Dette vil difor vere berre vere avhengig av UD sine reiseråd og det praktisk rundt bill.

*Februar/mars/april: Tanzania & Sør-Afrika (samanslått tur)*

– evt berre eit av landa om ikkje begge opnar opp (SA opnar for turisme i september i år)

### **Reiseplan C (og D)**

Hhaust: Utvida Safari Sunnmøre + evt reiser i Norge

Vår: Israel/Palestina & Afrika

### **Reiseplan D**

I og med at Global.Safari skal ut å reise, vil siste alternativet vere ein Safari Europa (med buss, eventuelt i samarbeid med SE: Verden, Rønningen Folkehøgskule)

## SEMESTERPLAN

Slik det ser ut no, vil komande år gje oss betre tid på hausten til å gjere meir av Safari Sunnmøre, og i tillegg ha betre tid til reiseførebuing for turane på våren.

KFUK-KFUM driv fem folkehøgskular i Norge, frå Svalbard og Evenskjer i nord, til Valdres midt i Sør-Norge, og til Oslo i aust. I tillegg finst det også folkehøgskular i både Sverige og Danmark som det er mogleg å samarbeide med. Vi har difor svært mange moglegheiter i «nærområdet» vårt også. Vi vil vere dei første til å bruke dette nettverket om UD avgrensar reisemoglegheitene ut av landet/Skandinavia, og blant dei første til å dra når vi får lov til det.

### Safari Sunnmøre/opplegg i Norge

Eksempel på aktivitetar:

- Hjørundfjorden med båt
- Hengekøycamp Nassetelva
- Surfecamp Hoddevika/Stad
- Runde Fyr
- Øyhopping med sykkel
- Via Ferrata Loen / Camp Lovatnet
- (A kind of) Amazing Race
- Solodøgn
- Kajakkpadling
- Klatring
- Fjellturar
- Lavvo-badstu
- Samarbeid med andre klassar på Sunnmøre Folkehøgskule
- Samarbeid med SE: Verden Rønningen Folkehøgskole (Oslo) eller andre KM-skular
- Eventuelt samarbeid med Forandringshuset Norge og andre delar av KFUK-KFUM
- Globale spørsmål (SDGs/Berekraftsmåla) og Globalvettreglane
- Aktuelle globale spørsmål knytt til utanlandsturane: menneskerettane, rettferd, fattigdom, klima, korrupsjon, HIV/Aids, kjønnsbasert vold, Toxic Masculinity
- Handelsspelet Tough Road (KFUK-KFUM Global)
- Opplegg med KFUK-KFUM Global og tidlegare stipendiatar (andreårselevar) på Global Safari som no er aktive i aktuelle komitéar og utval
- Partner-webinar med Palestina, Tanzania og Sør-Afrika, evt. land i Europa
- Konsertopplevingar

### KFUK-KFUM (YWCA/YMCA)

Sunnmøre Folkehøgskule, og særleg Global Safari, er knytt tett opp til YWCA/YMCA.

Nettverket YWCA (verdastørste kvinneorganisasjon) og YMCA (verdastørste ungdomsorganisasjon) er vår viktigaste ressurs for å skape gode menneskemøte og opplegg på reise. Organisasjonane finst i 120 land i Europa, Midtøsten, Asia, Afrika og Amerika

Vi har stor kompetanse og erfaring i å samarbeide og lage gode opplegg med partnerar i dette nettverket. Ein annan viktig fordel er Globallærer Øyvinn si reiseerfaring og nettverk som strekkjer seg utover dei landa vi normalt reiser til, noko som gjer at vi kan få til gode reisemål og opplegg der det til ei kvar tid vil vere lov å reise. Denne erfaringa bygger også på globallærer sine ti år på hovudkontoret til KFUK-KFUM Norge, med arbeid på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Vi håper dette ga deg litt meir info, og viser at vi har gode planar og tankar for året som ligg føre. Vi vil kome med oppdatert info på Facebook-gruppa til klassa etter kvart, og her vil du bli invitert med i gruppa. Har du andre spørsmål, ta gjerne kontakt på [post@sufh.no](mailto:post@sufh.no).

God og frisk sommar til alle!

Med venleg helsing



Rektor Sunnmøre Folkehøgskule